



Hemsedal Barne- og Ungdomsskule

## Referat Samarbeidsutvalget SU/SMU - HBU

	<b>Møte nr.</b>	<b>2/2019</b>		
		<b>TID</b>	<b>Måndag 26. august kl 18.00</b>	
<b>MØTESTAD</b>	Lærarrømmet, HBU			
<b>Møtte:</b>	Frå foreldra: Irene Markegård, Mathilda Sjøgren Frå undervisningspersonale: Hilde Halbjørhus, Line Sollien Frå kommunen: Jørgen von Tangen, Morten Lien Det var ikkje elevrådsrepresentantar til stades då elevrådet ikkje har konstituert seg for dette skuleåret			
<b>NESTE MØTE</b>	28. oktober 2019	<b>REFERENT</b>	Morten Lien	

SAK		Ansvar	Frist
	<b>Godkjenning av referat frå sist møte</b>		
	<b>Nytt frå FAU</b> Irene informerer om at dei har hatt eit møte sidan sist SU-møte. Det finns ikkje referat frå dette møtet. Det blei snakka om nattravn og eit samarbeid med frivillighetssentralen. FAU vil spørje om FS kan ha eit koordinerande ansvar. Har sendt brev til Livsløp angående sosiallærer, Innsatsteam mot mobbing og Vennskapsveka. FAU ynskjer å vise seg i Vennskapsveka. FAU ynskjer å bruke SPOND til lagring og offentleggjering. FAU er meldt som frivillig organisasjon til Brønnøysundregisteret, noko som gjer til at ein kan få bedriftskonto i banken.	Irene	
	<b>Nytt frå Elevrådet</b> Det har ikkje vore elevrådsmøte enda og derfor ingen til å møte.		
	<b>Informasjon frå rektor</b> <b>Sosiallærer:</b> Ny sosiallærer er Marte Kjelsvik. Ho er på plass og i gang med å orientere seg. Ho skal og vere med 10. klasse på tur. <b>Status ny skule:</b> Neste steg er sikring av RFP og «kravspek». Etter dette kjem anbodskonkuransen. Fortsatt plan er at oppstart ny skule skal vere hausten 21. <b>Veilederkorpset (VK19):</b>		

	Veilidererkorpset har vore inne i samtaler med politikarar og leiinga i skulen. I tillegg var dei med og organiserte planleggingsdagar før skulestart. Tema for desse dagane var «Klasseleiing og inkluderande undervisning».		
3/19	<b>Val</b> Jørgen takkar for seg i og med at det er valår og at han får barn inn på skulen neste år. Uskreven regel i kommunen er at ein ikkje skal vere politisk representant på skulen ein har barn. Saka utsett til neste møte.		
4/19	<b>Møtekalender</b> 28. oktober 3. februar 27. april		
5/19	<b>Skulen sitt sosiale årshjul</b> Skulen har eit sosialt årshjul i tillegg til at klassen konkretiserer dette for sitt trinn. Viktig at dette blir formidla ut til foreldra. Dette vil vere godt for omdømme til skulen. Open skule blir trekt fram som eit positivt tiltak. FAU vil ta opp om det er mogleg å lage grillfest siste skuledag. Irene og Mathilda ønsker og at 10. klasseavslutninga skal bli meir høgtidleg enn den har vore til no når det gjeld antrekk og gjennomføring.	Morten	
6/19	<b>Organisering foreldremøter</b> Foreldrene ønsker at det er ulike dagar på dei ulike. Det blir gjennomført formøter slik skulen. Det er viktig at planen til skulen blir gjennomført.	Morten	
7/19	<b>Vedtakter FAU</b> Det er gjort eit arbeide med hensyn på formelt organisere FAU. Det er laga vedtekter hausten 18. Det blei gjennomført årsmøte. Det kom 1 i tillegg til klassekontaktene.. Tidligere blei leiar, nestleiar og sekretær valt blant FAU-medlemmane. For å få kontinuitet og kandidatar som er engasjert blir desse funksjonane no valt på årsmøtet. Rektor foreslår ei endring i vedtektene om offentleggjing. Forslaget går ut på at referat blir sendt til administrasjonen og publisert på kommuna si heime. Leiar i FAU skal og ta opp praksisen rundt rektor sin tilstedeværelse på FAU sine møter.	Irene	